

Ettersending av dokument til møtet i kommunestyret den 15. 12.2016

Møteprotokoll formannskapet 13.12.2016	s. 2
Møteprotokoll mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar 08.12.2016	s. 15
PS ... Budsjett førebels fellesnemnd Hornindal og Volda kommunar	s. 19
PS... Fellesnemnd – organisering av forprosjektperioden	s. 22



VOLDA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 13.12.2016
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm, møte kl. 12:15	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Berit Sandvik Skeide	Planleggar, PS 250/16
Rune Totland	Teknisk sjef, PS 253/16
Per Heltne	Planleggar, PS 247/16, 248/16 og 249/16
Kjell Magne Rindal	Eigedomssjef, PS 253/16
Andreea Beleuta	Økonomikonsulent, PS 253/16



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 243/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 244/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 245/16	Orienteringssaker
OS 195/16	Informasjon om sentrumsutvikling
OS 196/16	Kontakt med ein fylkesmann i prosessen knytt til etablering av ny kommune
OS 197/16	Grendalaga: organisering og oppgåver
PS 250/16	Kommunal planstrategi 2016-2020 - planforslag ut på høyring
PS 246/16	Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett-, friluftsliv og nærmiljøtiltak. Årleg rullering av handlingsprogram i høve til aktuelle Spelemiddelsøknader 2017
PS 247/16	"Stadion-parken" - Søknad om kommunal garanti for lån og løyve til bruk av kommunal eigedom.
PS 248/16	Planid 2011001 K10 Engeset - Klepp - mindre vesentleg planendring. tilkomst til tomt 8 og 10.
PS 249/16	PlanID 2016010 - Plan for Studentbustader på Langvatn/Heltne - oppstart av privat detaljreguleringsplan
PS 251/16	Tilleggsutgreiing til KVU Rv.15 Strynefjellet med heilårsveg på fv. 63 til Geiranger, høyring
PS 252/16	Riving av gamle Austefjord skule
PS 253/16	Korrigerering av budsjett 2. halvår 2016
PS 254/16	Flytting av bustadmodul Engesetvegen 28
OS 198/16	Arbeidsmiljøundersøkinga i sektor for helse- og omsorg



VOLDA KOMMUNE

PS 243/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Ordføraren kom med framlegg om at sak PS 250/16 vert handsama etter OS 197/16.

Ordføraren opplyste om at formannskapet er invitert på fagdag, vedk. Familieråd i fosterheimsarbeid, i Ulsteinvik 13. januar.

Rådmannen kom med framlegg om at orientering om arbeidsmiljøundersøkinga i helse- og omsorg vert sett på saklista og at saka vil vere unnateke offentlegheit, jf. fvl. § 13 og offl. § 13.

Odd A. Folkestad opplyste om at han i kommunestyre vil fremje framlegg om at K-sak, *PS 170/16 Veglys Krumsvika Mørenett bygger ned luftspenn*, vert utsett til kommunestyremøtet i januar. Årsaka til dette er at kommunen har motteke ei fråsegn frå Folkestad grendalag, i etterkant av handsaminga i formannskapet.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om kvifor sak om vedtaksoppfølging ikkje står på saklista til kommunestyret, slik det er skissert i tidlegare kommunestyrevedtak. Rådmannen opplyste om at årsaka er mangel på ressursar og at saka vert lagt fram til politisk handsaming i januar.

Gunnar Strøm møtte kl. 12.15.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med endring og tillegg frå ordføraren og rådmannen, vart samrøystes godkjent.

PS 244/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om votering (punkt 19) under sak om Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 29.11.2016, vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

PS 245/16 Orienteringssaker

OS 195/16 Informasjon om sentrumsutvikling

Stefan Halck frå Volda næringsforum og Ola F. Sørensen frå Nordplan orienterte om arbeidet kring utviklingsplan for sentrum.

OS 196/16 Kontakt med ein fylkesmann i prosessen knytt til etablering av ny kommune

OS 197/16 Grendalaga: organisering og oppgåver

PS 250/16 Kommunal planstrategi 2016-2020 - planforslag ut på høyring

Administrasjonen si tilråding:

I samsvar med plan- og bygningslova § 10-1, vedtek Volda formannskap å leggje framlegg til kommunal planstrategi for 2016-2020 ut til offentleg ettersyn.

Planstrategien skal offentleggjerast seinast 30 dagar før endeleg vedtak i kommunestyret. Det kan i denne perioden kome innspel som gjer at ein må justere planstrategien før endeleg vedtak.

Handsaming:

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte om saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 13.12.2016

I samsvar med plan- og bygningslova § 10-1, vedtek Volda formannskap å leggje framlegg til kommunal planstrategi for 2016-2020 ut til offentleg ettersyn.

Planstrategien skal offentleggjerast seinast 30 dagar før endeleg vedtak i kommunestyret. Det kan i denne perioden kome innspel som gjer at ein må justere planstrategien før endeleg vedtak.

PS 246/16 Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett-, friluftsliv og nærmiljøtiltak. Årleg rullering av handlingsprogram i høve til aktuelle Spelemiddelsøknader 2017

Administrasjonen si tilråding:

- 1. I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-15 vert handlingsprogram i "Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-18", justert slik for 2017:*



VOLDA KOMMUNE

<i>Idrettsanlegg:</i>	(Status)	(Spelemiddel-søknad 2017)
1. VTI-Fotball - Fotball -treningshall	ferdig 2015	gjenntatt
2. Folkestad il: - kunstgrasbane	ferdig 2016	fornya
3. VTI-Allianse – tilbygg klubbhus Volda stadion	ferdig 2016	fornya
4. Vestsida il - Garasje for trakkemaskin	under bygging	ny
5. Volda stadion- rehabilitering av kunstgrasdekke bane 2 under planl.		ny
6. Lys turveg Øyraelva -Volda stadion -Myravegen under planlegging		ny
7. Hjartåbygda Skyttarlag - Standplassbygg -skyttebane i Aldalen		ny
8. Volda Arena - ny hall i Volda sentrum	under planlegging	ikkje søkt

Nærmiljøanlegg:

1. Stadion-parken - nærmiljøanlegg - aktivitetspark med fire delelement,:
 - Styrketreningsområde (friluftsforeninga/VTI) under bygging ny
 - Turveg og lysanlegg for parken (fril. foreninga /VTI) under bygging ny
 - Klatrepark (VTI-allianse/VTIFotball) under planlegging ny
 - Street-basket/isbane (VTI-allianse/VTIFotball) under planlegging ny
2. Øyra skule - aktivitetspark del 1
 - aktivitetspark del 2 - under planlegging ikkje søkt
 - aktivitetspark del 3 - under planlegging ikkje søkt
3. Lysanlegg skate-parken (Volda K./Volda Rullarlag) u. planlegging ikkje søkt

2. Andre registrerte anlegg, jf. liste over aktuelle tiltak nemnt i saka, er prioriterte idretts- og friluftsliv-anlegg som kan få plass i handlingsplan og ha prioritet ved seinare rullering av plan, og i nye søknadsrunder for spelemiddelordninga, etter kvart som dei er klargjort for søknad, gjennom idrettsfunksjonell forehands-godkjenning, og har tífredsstillande planar for finansiering og drift.

Handsaming:

Sakshandsamar Per Heltne orienterte om saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.12.2016 til kommunestyret:

1. *I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-15 vert handlingsprogram i "Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-18", justert slik for 2017:*

<i>Idrettsanlegg:</i>	(Status)	(Spelemiddel-søknad 2017)
1. VTI-Fotball - Fotball -treningshall	ferdig 2015	gjenntatt



VOLDA KOMMUNE

- | | | |
|-----------------------------------------------------------------|-------------------|------------|
| 2. Folkestad il: - kunstgrasbane | ferdig 2016 | fornya |
| 3. VTI-Allianse – tilbygg klubbhus Volda stadion | ferdig 2016 | fornya |
| 4. Vestsida il - Garasje for trakkemaskin | under bygging | ny |
| 5. Volda stadion- rehabilitering av kunstgrasdekke bane 2 | under planl. | ny |
| 6. Lys turveg Øyraelva -Volda stadion –Myravegen | under planlegging | ny |
| 7. Hjartåbygda Skyttarlag - Standplassbygg -skytebane i Aldalen | | ny |
| 8. Volda Arena - ny hall i Volda sentrum | under planlegging | ikkje søkt |

Nærmiljøanlegg:

1. Stadion-parken - nærmiljøanlegg - aktivitetspark med fire delelement,:
 - Styrketreningsområde (friluftsforeninga/VTI) under bygging ny
 - Turveg og lysanlegg for parken (fril. foreninga /VTI) under bygging ny
 - Klatrepark (VTI-allianse/VTIFotball) under planlegging ny
 - Street-basket/isbane (VTI-allianse/VTIFotball) under planlegging ny
2. Øyra skule - aktivitetspark del 1 - under planlegging ikkje søkt
 - aktivitetspark del 2 - under planlegging ikkje søkt
 - aktivitetspark del 3 - under planlegging ikkje søkt
3. Lysanlegg skate-parken (Volda K./Volda Rullarlag) u. planlegging ikkje søkt

2. Andre registrerte anlegg, jf. liste over aktuelle tiltak nemnt i saka, er prioriterte idretts- og friluftsliv-anlegg som kan få plass i handlingsplan og ha prioritet ved seinare rullering av plan, og i nye søknadsrunder for spelemiddelordninga, etter kvart som dei er klargjort for søknad, gjennom idrettsfunksjonell forehands-godkjenning, og har tifredsstillande planar for finansiering og drift.

PS 247/16 "Stadion-parken" - Søknad om kommunal garanti for lån og løyve til bruk av kommunal eigedom.

Administrasjonen si tilråding:

1. Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Allianse for lån pålydande kr. 2.500.000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.
 - Garantien vert gjeven på slike vilkår:
 - a. Garantien er ein simpel kausjon.
 - b. Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget og etter skissert nedbetalingsplan.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 13.12.2016 til kommunestyret:

1. *Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Alliance for lån pålydande kr. 2.500.000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*

Garantien vert gjeven på slike vilkår:

- b. *Garantien er ein simpel kausjon.*
- b. *Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget og etter skissert nedbetalingsplan.*

PS 248/16 Planid 2011001 K10 Engeset - Klepp - mindre vesentleg planendring. tilkomst til tomt 8 og 10.

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i Plan og bygningslova §12-14 vert det gjort fylgjande mindre vesentlege endring i reguleringsplan - K10-Engeset - Klepp:

1. *Veg f_V3 vert endra frå felles privat veg til kommunal veg og får nemninga o_V3.*
2. *Tomt 7 og 8 kan ha tilkomst frå veg o_V1 eller o_V3 vurdert ut frå kva som er best sett i høve til terrengmessig tilpassing og gode tilkomstløysingar for bygg på eigedomane.*

Handsaming:

Planleggar Per Heltne orienterte om saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 13.12.2016:

Med heimel i Plan og bygningslova §12-14 vert det gjort fylgjande mindre vesentlege endring i reguleringsplan - K10-Engeset - Klepp:

1. *Veg f_V3 vert endra frå felles privat veg til kommunal veg og får nemninga o_V3.*
2. *Tomt 7 og 8 kan ha tilkomst frå veg o_V1 eller o_V3 vurdert ut frå kva som er best sett i høve til terrengmessig tilpassing og gode tilkomstløysingar for bygg på eigedomane.*

PS 249/16 PlanID 2016010 - Plan for Studentbustader på Langvatn/Heltne - oppstart av privat detaljreguleringsplan

Administrasjonen si tilråding:

8



VOLDA KOMMUNE

Volda kommune gir loyve til fremjing av privat detaljreguleringsplan for aktuelt område i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-11, basert på føringar gitt i gjeldande kommunedelplan Volda-Furene - planID 20010 013.

Handsaming:

Planleggar Per Heltne orienterte om saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 13.12.2016:

Volda kommune gir loyve til fremjing av privat detaljreguleringsplan for aktuelt område i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-11, basert på føringar gitt i gjeldande kommunedelplan Volda-Furene - planID 20010 013.

PS 251/16 Tilleggsutgreiing til KVU Rv.15 Strynefjellet med heilårsveg på fv. 63 til Geiranger, høyring

Administrasjonen si tilråding:

1. *Volda kommune sluttar seg til Statens vegvesen sine vurderingar og tilråding om konsept B1 Skåre-Breidalen, inkludert arm til Opplendskedal (Geiranger) som nytt traseval for Rv15.*
2. *Volda kommune ber om at Regjeringa snarast fattar vedtak om konseptval B1 med arm til Opplendskedal (Geiranger), og at reguleringsarbeidet vert starta opp så raskt som mogleg.*

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Ordføraren får fullmakt til å sende fråsegn til samferdselsdepartementet vedkommande RV 52 Hemsedal som hovudveg mellom aust og vest.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 13.12.2016 til kommunestyret:

1. *Volda kommune sluttar seg til Statens vegvesen sine vurderingar og tilråding om konsept B1 Skåre-Breidalen, inkludert arm til Opplendskedal (Geiranger) som nytt traseval for Rv15.*
2. *Volda kommune ber om at Regjeringa snarast fattar vedtak om konseptval B1 med arm til Opplendskedal (Geiranger) , og at reguleringsarbeidet vert starta opp så raskt som mogleg.*

PS 252/16 Riving av gamle Austefjord skule

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet tek til etterretning at det gamle skulebygget må rivast. Formannskapet godkjenner at riving vert gjennomført innanfor ei kostandsramme på kr 524 000 som vert dekt over drifta inneverande år.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 13.12.2016:

Formannskapet tek til etterretning at det gamle skulebygget må rivast. Formannskapet godkjenner at riving vert gjennomført innanfor ei kostandsramme på kr 524 000 som vert dekt over drifta inneverande år.

PS 253/16 Korrigerering av budsjett 2. halvår 2016

Administrasjonen si tilråding:

1. *Frie inntekter vert auka med kr 5.664.000. Av dette utgjer skjønnstilskotet knytt til kommunereforma kr 1.000.000, og vert sett av til bunde driftsfond.*
2. *Integreringstilskot vert auka med kr. 3.143.000.*
3. *Generelle statstilskot vert redusert med kr 375.000.*
4. *Budsjettramma til Opplæring og oppvekst vert redusert med kr 1.500.000.*



VOLDA KOMMUNE

5. *Budsjettramman til NAV vert auka med kr. 500.000.*
6. *Renteinntektene vert auka med kr 1.000.000.*
7. *Budsjetterte renteutgifter til Startlån vert auka med kr. 400.000.*
8. *Budsjetterte renteinntekter til Startlån vert auka med kr. 200.000.*
9. *Budsjettert premieavvik (positivt) på kr. 13.692.000 vert endra til negativt premieavvik på 3,5 mill. kr.*
10. *Amortiseringa av tidlegare års premieavvik vert auka med kr 485.600 til kr 7.025.000.*
11. *Budsjettert innbetalt pensjonspremie vert redusert med kr 17.192.000.*
12. *Avskrivningar (utgift) utanom sjølvkostområde vert auka frå kr. 25.580.000 til kr. 29.094.000.*
13. *Avskrivningar (inntekt) utanom sjølvkostområde vert auka frå kr. 25.580.000 til kr. 29.094.000.*
14. *Momskompensasjon drift (utgift) vert sett til kr 12.500.000.*
15. *Momskompensasjon drift (inntekt) vert sett til kr 12.500.000.*
16. *Delkrederavsetning vert sett til kr 500.000.*
17. *Disposisjonsfondet vert styrka med kr 8.246.400.*
18. *Det vert løyvd kr 10.000 til Kvinnepolitisk tiltak. Dette blir finansiert ved bruk av formannskapet sin disposisjonskonto.*
19. *Dersom Fellestrådet sine rente- og avdragsutgifter vert mindre enn kr 800.000, så kan det resterande beløpet nyttast til å redusere det akkumulerte underskotet som Fellestrådet har.*
20. *Det vert løyvd kr 640.000 til innkjøp av diverse utstyr på rådhuset, og vert finansiert ved momskompensasjon (kr 128.000) og bruk av ubunde investeringsfond (kr 512.000).*
21. *Det vert løyvd kr 2.083.000 til prosjektet Lerkane–Storgata, veg og rundkøyring. Finansiering vert ved momskompensasjon (kr 417.000) og bruk av ubunde investeringsfond (kr 1.666.000).*
22. *Eigenkapitaltilskot til KLP på kr 1.511.542 vert finansiert ved bruk av ubunde investeringsfond.*



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Økonomikonsulent Andreea Beleuta var til stades under handsaminga av saka.

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal og teknisk sjef Rune Totland svara på spørsmål frå formannskapet.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.12.2016 til kommunestyret:

- 1. Frie inntekter vert auka med kr 5.664.000. Av dette utgjer skjønstilskotet knytt til kommunereforma kr 1.000.000, og vert sett av til bunde driftsfond.*
- 2. Integreringstilskot vert auka med kr. 3.143.000.*
- 3. Generelle statstilskot vert redusert med kr 375.000.*
- 4. Budsjettramma til Opplæring og oppvekst vert redusert med kr 1.500.000.*
- 5. Budsjettramma til NAV vert auka med kr. 500.000.*
- 6. Renteinntektene vert auka med kr 1.000.000.*
- 7. Budsjetterte renteutgifter til Startlån vert auka med kr. 400.000.*
- 8. Budsjetterte renteinntekter til Startlån vert auka med kr. 200.000.*
- 9. Budsjettert premieavvik (positivt) på kr. 13.692.000 vert endra til negativt premieavvik på 3,5 mill. kr.*
- 10. Amortiseringa av tidlegare års premieavvik vert auka med kr 485.600 til kr 7.025.000.*
- 11. Budsjettert innbetalt pensjonspremie vert redusert med kr 17.192.000.*
- 12. Avskrivningar (utgift) utanom sjølvkostområde vert auka frå kr. 25.580.000 til kr. 29.094.000.*
- 13. Avskrivningar (inntekt) utanom sjølvkostområde vert auka frå kr. 25.580.000 til kr. 29.094.000.*
- 14. Momskompensasjon drift (utgift) vert sett til kr 12.500.000.*
- 15. Momskompensasjon drift (inntekt) vert sett til kr 12.500.000.*



VOLDA KOMMUNE

- 16. Delkrederavsetning vert sett til kr 500.000.*
- 17. Disposisjonsfondet vert styrka med kr 8.246.400.*
- 18. Det vert løyvd kr 10.000 til Kvinnepolitisk tiltak. Dette blir finansiert ved bruk av formannskapet sin disposisjonskonto.*
- 19. Dersom Fellesrådet sine rente- og avdragsutgifter vert mindre enn kr 800.000, så kan det resterande beløpet nyttast til å redusere det akkumulerte underskotet som Fellesrådet har.*
- 20. Det vert løyvd kr 640.000 til innkjøp av diverse utstyr på rådhuset, og vert finansiert ved momskompensasjon (kr 128.000) og bruk av ubunde investeringsfond (kr 512.000).*
- 21. Det vert løyvd kr 2.083.000 til prosjektet Lerkane–Storgata, veg og rundkøyring. Finansiering vert ved momskompensasjon (kr 417.000) og bruk av ubunde investeringsfond (kr 1.666.000).*
- 22. Eigenkapitaltilskot til KLP på kr 1.511.542 vert finansiert ved bruk av ubunde investeringsfond.*

PS 254/16 Flytting av bustadmodul Engesetvegen 28

Administrasjonen si tilråding:

Bustadmodulen i Engesetvegen 28 skal fjernast, tomt skal være attendeført og tilsådd innan 01.07.2017 etter godkjenning av bebuarar som grensar til bygget.

Handsaming:

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka og var samde om at saka skal til endeleg handsaming i kommunestyret.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 13.12.2016 til kommunestyret:

Bustadmodulen i Engesetvegen 28 skal fjernast, tomt skal være attendeført og tilsådd innan 01.07.2017 etter godkjenning av bebruarar som grensar til bygget.

OS 198/16 Arbeidsmiljøundersøkinga i sektor for helse- og omsorg

Ordføraren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, jf. kl. § 31, nr. 4 og offl. § 13 og fvl. § 13.

Det vart samrøystes vedteke å lukke møtet.

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om habilitet, han arbeider i helse- og omsorgssektoren og har delteke i arbeidsmiljøprosessen, jf. fvl. § 6, 2. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent inhabil.

Rådmannen orienterte om arbeidet kring arbeidsmiljøprosessen i sektor for helse- og omsorg.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle opnast, jf. kl. § 31.

Møtet slutt kl. 14:20

Rett utskrift,

Volda kommune, servicekontoret

14.12.2016

Sonja Håvik
konsulent



MØTEPROTOKOLL

Utval: Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 08.12.2016
Tid: 14.30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Medlem	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Stig Olav Lødemel	Medlem	
Randi Langlo	Medlem	
Eldar Engelund	Medlem	
Rasmus Kirkhorn	Medlem	
Brynhild Lund Notøy	Medlem	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann Volda
Ann Kristin Langeland	Rådmann Hornindal

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 5/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 6/16	Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

- PS 7/16 **Budsjett - førebels fellesnemnd Hornindal og Volda kommuner**
- PS 8/16 **Fellesnemnd - organisering av forprosjektperioden**
- PS 9/16 **Oppdrag til administrasjonen**

PS 5/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det kom forslag om å føye ei ekstra sak til saklista. Oppdrag til rådmennene

Samrøystes vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 08.12.2016

Innkalling og sakliste, med ei ekstra sak PS 9/16, vart samrøystes godkjend.

PS 6/16 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

Vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 08.12.2016

Protokoll frå førre møte 16.11.2016, vart godkjend.

PS 7/16 Budsjett - førebels fellesnemnd Hornindal og Volda kommuner

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 08.12.2016 til kommunestyra i Hornindal og Volda

- 1. Budsjett for forprosjektperioden vert vedteke slik det ligg føre.*
- 2. Styringsgruppa har budsjettansvar for forprosjektperioden, og rapporterar til førebels fellesnemnd.*
- 3. Eventuelt frikjøp av tillitsvalde vert å dekke over førebels fellesnemnd sitt budsjett etter særskilt handsaming av sak om frikjøp.*
- 4. Etter etablering av fellesnemnd våren 2017, får denne mynde til å gjere korrigeringar og overføre eventuelle midlar frå den førebelse fellesnemnda til fast fellesnemnd.*
- 5. Volda kommune syter for rekneskapsføring for den førebelse fellesnemnda, i eige prosjektrekneskap.*

Administrasjonen si tilråding:

1. *Budsjett for forprosjektperioden vert vedteke slik det ligg føre.*
2. *Styringsgruppa har budsjettansvar for forprosjektperioden, og rapporterar til forebels fellesnemnd.*
3. *Eventuelt frikjøp av tillitsvalde vert å dekke over forebels fellesnemnd sitt budsjett etter særskilt handsaming av sak om frikjøp.*
4. *Etter etablering av fellesnemnd våren 2017, får denne mynde til å gjere korrigeringar og overføre eventuelle midlar frå den forebelse fellesnemnda til fast fellesnemnd.*
5. *Volda kommune syter for rekneskapsføring for den forebelse fellesnemnda, i eige prosjektrekneskap.*

PS 8/16 Fellesnemnd - organisering av forprosjektperioden

Handsaming:

Røysting:

Pkt 1 fekk 0 røyster og fall

Pkt 2 vart samrøystes vedteke

Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 08.12.2016 til kommunestyra i Hornindal og Volda

Det vert oppretta stilling for kommunikasjonsrådgjevar finansiert over statlege prosjektmidlar. Volda kommune er arbeidsgjevar for stillinga fram til stillinga kan overførast til prosjektorganisasjonen under prosjektleiar og endeleg fellesnemnd for ny kommune.

Administrasjonen si tilråding:

1. *Førebels fellesnemnd rår kommunestyra til å godkjenne organisering i forprosjektperioden i samsvar med forslaget i saksutgreiinga.*
2. *Det vert oppretta stilling for kommunikasjonsrådgjevar finansiert over statlege prosjektmidlar. Volda kommune er arbeidsgjevar for stillinga fram til stillinga kan overførast til prosjektorganisasjonen under prosjektleiar og endeleg fellesnemnd for ny kommune.*

PS 9/16 Oppdrag til administrasjonen

Handsaming:

Fellesforslag:

1. *Rådmennene vert bedne utgreie sak om permanent organisering av prosjektet til neste møte.*

2. Rådmennene vert bedne om å starte kartleggingsarbeid.

Røysting:

**Samrøystes vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar -
08.12.2016**

1. Rådmennene vert bedne utgreie sak om permanent organisering av prosjektet til neste møte.

2. Rådmennene vert bedne om å starte kartleggingsarbeid.

Møtet slutt 15.55



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Ann Kristin Langeland	Arkivsak nr.:	2016/1980
		Arkivkode:	150

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar	

BUDSJETT - FØREBELS FELLESNEMND HORNINDAL OG VOLDA KOMMUNER

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Budsjett for forprosjektperioden vert vedteke slik det ligg føre.*
- 2. Styringsgruppa har budsjettansvar for forprosjektperioden, og rapporterar til førebels fellesnemnd.*
- 3. Eventuelt frikjøp av tillitsvalde vert å dekke over førebels fellesnemnd sitt budsjett etter særskilt handsaming av sak om frikjøp.*
- 4. Etter etablering av fellesnemnd våren 2017, får denne mynde til å gjere korrigeringar og overføre eventuelle midlar frå den førebelse fellesnemnda til fast fellesnemnd.*
- 5. Volda kommune syter for rekneskapsføring for den førebelse fellesnemnda, i eige prosjektrekneskap.*

Samandrag av saka:

Etter at Stortinget gjer vedtak om kommunesamanslåing våren 2020, vil den nye kommunen få utbetalt eingongsstonad til bygging av ny kommune. Det må i forkant av dette utarbeidast budsjettframlegg for reformperioden fram mot 2020. Før den tid, skal det utarbeidast eit budsjett for den midlertidige fellesnemnda sitt arbeid.

Saksopplysningar/fakta:

Budsjettframlegg for forprosjektperioden 2017

Inntekter	Beløp
Unyttta midlar 2016	1.000.000
Tiskot frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal	1.000.000
Sum Inntekter	2.000.000
Utgifter	
Lønsrelaterte utgifter	1.000.000
Informasjon	200.000
Andre utgifter	400.000
Kjøp av tenester	400.000
Sum utgifter	2.000.0000

Lønsrelaterte utgifter:

Lønn og godtgjering til tilsette
Lønn og godtgjering til politikarane
Frikjøp tillitsvalde og folkevalde
Reisegodtgjering

Informasjon:

Informasjonsmaterieill
Heraldisk arbeid

Andre utgifter:

Kurs og konferansar
Seminar/samlingar

Kjøp av tenester:

Konsulentbistand

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gjeve tilskot til arbeidet med samanslåing av Volda og Hornindal kommune på kr. 1.000.000,- i 2016. Det er gjeve tilsagn om same beløp for 2017. Det er den midlertidige fellesnemnda som skal disponere desse midlane.

Dersom den midlertidige fellesnemnda og dei respektive kommunestyra godkjenner framlegget om organisering i forprosjektperioden, vil utgifter til dette arbeidet verte belasta den førebelse fellesnemnda. Dette vere seg utgifter til stilling som kommunikasjonsrådgjevar, møtegodtgjerdsløse for fellesnemnda og kurs, konferansar knytt til samanslåingsarbeidet.

Det er vanskeleg å setje opp eit budsjettframlegg før ein har meir oversikt over arbeidsomfang, kostnader til rekruttering av kommunikasjonsrådgjevar, lønskostnader med vidare. Ein vil rå til at styringsgruppa har ansvar for å styre budsjettet innanfor dei diponeringar som midlertidig fellesnemnd gjer. Dei respektive kommunene har ikkje sett av eigne midlar til arbeidet. Dersom ein ser at utgiftene i forprosjektperioden ikkje strekk til, må kommunane forskottere frå eingongsstønadene som vert utbetalt etter at Stortinget har fatta vedtak om samanslåing.

Styringsgruppa må tidleg starte arbeidet med eit budsjettframlegg også for perioden etter at Stortinget har fatta vedtak. Dette vert å kome attende til.

Når det gjeld frikjøp av tillitsvalde, så ser ein at det vil verte behov for ein kompensasjon. Dei tillitsvalde skal etter framlegg til organisering i forprosjektperioden vere representerte i styringsgruppa (med to representantar), samt at dei skal utgjere ei eiga referansegruppe. Dei tillitsvalde skal etter samanslåingsvedtaket også tre inn i partssamansatt utval. Dette vil ikkje bli oppretta før etter Stortinget sitt vedtak i juni 2017.

Når fellesnemnda skal handsame saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, skal partssamansatt utval gje uttale i saker som vedkjem overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga. Vedtak i psu går vidare til fellesnemnda til endeleg handsmaing der.

Ein vil rå til at styringsgruppa førebur ei sak om frikjøp av tillitsvalde, og at dette vert lagt fram for den førebelse fellesnemnda til vedtak.

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda kommune
Hornindal kommune



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjurgard

Arkivsak nr.: 2016/1981

Arkivkode: 000

Utvalsaksnr Utval

Møtedato

Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar

FELLESNEMND - ORGANISERING AV FORPROSJEKTPERIODEN

Administrasjonen si tilråding:

1. Førebels fellesnemnd rår kommunestyra til å godkjenne organisering i forprosjektperioden i samsvar med forslaget i saksutgreiinga.

2. Det vert oppretta stilling for kommunikasjonsrådgjevar finansiert over statlege prosjektmidlar. Volda kommune er arbeidsgjevar for stillinga fram til stillinga kan overførast til prosjektorganisasjonen under prosjektleiar og endeleg fellesnemnd for ny kommune.

Vedleggsliste:

Forslag til organisering i forprosjektperioden, datert 25.11.16

Samandrag av saka:

Prosessen fram til Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av kommunane Hornindal og Volda vert ei forprosjektperiode. Den formelle prosessen med endeleg fellesnemnd etter Inndelingslova startar opp frå sommaren 2017.

Den førebelse fellesnemnda fungerer som eit interkommunalt politisk styre for forprosjektet. Prinsipielle avgjerder må gjerast av det enkelte kommunestyre.

Denne saka omhandlar administrativ organisering i forprosjektperioden. Vidare peikar saka ut ei retning for korleis prosjektet skal drivast vidare mot bygging av ny kommune.


Saksopplysningar/fakta:

Fellesnemnda har bedt rådmennene utgreie framlegg til midlertidig organisasjonsplan.

Det er viktig at arbeidet kjem i gang så raskt som råd. I fasen fram til Stortinget har gjort vedtak om samanslåing i juni, så er det først og fremst kartleggingsarbeid som må gjerast. Rådmennene har sett litt til korleis det er lagt opp i andre samanslåingsprosessar. Det er ikkje nokon fasit på dette. Det er viktig å lande ein modell som vil fungere for våre kommunar.

Administrasjonen i begge kommunane er pressa på kapasitet. Volda kutta i administrasjonen i 2014. Kommunen har høg aktivitet med mange store prosjekt på gang, og leiingskapasiteten vert derfor oppbunden. Hornindal har ein liten administrasjon, og har ikkje administrativ kapasitet å frigjere. Det er derfor behov for å styrke kapasiteten for å drive kommunesamanslåingsprosjektet. Også i forprosjektfasen må det vere nokon som bind saman prosessen, har fokus på framdrift og koordinerer. Det vil derfor vere behov for å få på plass ein prosjektkoordinator så snart som mogleg. Kommunesamanslåing er ein stor prosess som vedkjem heile samfunnet i desse to kommunane. Det er derfor viktig med informasjon og kommunikasjon frå prosjektet ut i kommuneorganisasjonen og i høve til heile samfunnet. Kapasitet og kompetanse på kommunikasjon vert svært viktig for å drive ein god prosess framover i bygging av ny kommune.

Rådmennene har etter nærare vurdering kome fram til følgjande modell for organisering i forprosjektfasen:



Forklaring av modellen:

Styringsgruppe

Prosjektet vert leia av ei styringsgruppe samansett av dei to rådmennene og stedfortredar for rådmannen i Volda frå arbeidsgjevarsida. Ein hovudtilltsvalt frå kvar av kommunane går inn i styringsgruppa frå arbeidstakarsida. Styringsgruppa set ned administrative arbeidsgrupper for å få oversikt over fakta og kartleggje alle relevante forhold. Dette skal skape eit grunnlag for å ta stilling til korleis ting skal organiserast og praktisk leggjast opp i ny kommune. Styringsgruppa rapporterer til førebels fellesnemnd.

Referansegrupper

Styringsgruppa syt for å halde leiargruppene og dei hovudtillitsvalte løpande informert, samt innhentar råd og innspel frå desse to gruppene.

Prosjektkoordinator

I forprosjektfasen handlar dette om ein ressurs som kan avlaste styringsgruppa og binde saman prosessen. Vedkomande skal syte for at oppdraget/mandatet for arbeidsgruppene vert definert, at dei har framdriftsplan som dei følgjer, samt syte for samordning av informasjon til styringsgruppa. Prosjektkoordinatoren skal også følgje med andre kommunesamanslåingsprosjekt og hente inn erfaringar og kome med råd i prosessen. Prosjektkoordinatoren rapporterer til styringsgruppa.

Arbeidsgrupper

Forprosjektfasen handlar om eit omfattande kartleggingsarbeid. Ein må ta for seg område for område og finne ut korleis ulike tenester og arbeidsoperasjonar er organisert, IKT-programvarer/infrastruktur, ressursinnsats og standard på tenester, behov for endringar, eigarskapsinteresser, inngåtte avtaler, interkommunale samarbeid, personalpolitiske retningslinjer mv. Det må setjast ned arbeidsgrupper ut frå ulike tema og problemstillingar. Desse vert samansett av tilsette frå begge kommunane. Styringsgruppa nedset slike grupper etter behov og prioriterer kva tema som hastar å kome i gang med.

Modellen vert drøfta internt med leiargruppene og dei hovudtillitsvalte i Volda og Hornindal i forkant av handsaming av denne saka i førebels fellesnemnd.

VURDERING OG KONKLUSJON

Det er viktig å finne organisering for forprosjektfasen som er oversiktleg, og som lett kan integrerast i dagens administrative organisering i dei to kommunane. Når ein kjem til hovudprosjektet, og skal starte med den formelle prosessen etter ferien 2017, vert prosjektorganisasjonen forankra i den nye kommunen med den endelege fellesnemnda som politisk overordna organ. Dei to "gamle" kommunane skal drivast parallelt fram til 2020.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet rår til at ein får på plass den som skal vere prosjektleiar for den nye kommunen kort tid etter at Stortinget har gjort vedtak om ny kommune, dvs august/september 2017. Førebels fellesnemnd bør avklare om ein skal ha ein prosjektleiar som leverer ny organisasjon/prosjektet (inkl ny leiargruppe) over til rådmann for ny kommune 2020, eller om prosjektleiar frå hausten 2017 også bør vere den som skal vere komande rådmann. Dette bør ein drøfte i eiga sak som i seinare møte. Dersom dette vert avklart i forkant av stortingsvedtaket, og det vert ein kombinasjon som prosjektleiar/komande rådmann, så må tilsettinga skje i to kommunestyre. Dersom det skjer etter at endeleg fellesnemnd kjem i funksjon, kan endeleg fellesnemnda gjere tilsettinga.

I forprosjektfasen vert det rådd til at kommunane innanfor statlege tilskot til samanslåingsprosjektet opprettar ei stilling som kommunikasjonsrådgjevar. Denne skal fram til hausten 2017 også verte tillagt koordinering av arbeidsgruppene sitt arbeid og avlaste styringsgruppa. Vedkomande vert også sekretær for fellesnemnda. Rådmennene ser det som

avgjerande at det vert prioritert kompetanse og kapasitet på kommunikasjonsarbeid. Dette vert sentralt gjennom heile prosjektfasen med bygging av ny kommune, og også etter at den nye kommunen har kome i funksjon. For å sikre dette og samtidig få god kompetanse, så rår rådmennene til at ein tilset ein kommunikasjonsrådgjevar i fast stilling. Frå hausten vert denne ein sentral støttespelar for prosjektleiar /ev komande rådmann og for fellesnemnda.

Kommunikasjonsrådgjevaren skal vere ein aktiv bidragsytar for å styrke

- informasjonsflyt i prosessen rundt samanslåing
- informasjonsflyt internt i kommunane
- kommunikasjon med innbyggjarar og brukarar
- kommunikasjon på ulike plattformer (t.d sosiale media)
- omdøme

Dersom det vert politisk tilslutning til eit slikt opplegg, så vil ein starte rekruttering av kommunikasjonsrådgjevar. Ein må ta høgde for at vedkomande ikkje er på plass før 1. mai. Styringsgruppa må ha tilført kapasitet innan den tid, og det vert arbeidd for å finne ei intern ordning for prosjektkoordinering i forprosjektfasen fram til kommunikasjonsrådgjevaren er på plass.

Ein ser det som naturleg at kommunikasjonsrådgjevaren vert tilsett av Volda kommune, organisert i rådmannen sin stab fram til at den nye kommunen får eige organisasjonsnummer og stillinga kan overførast til ny kommune hausten 2017.

Når det gjeld den politiske organiseringa under førebels fellesnemnd vil det over nyttår vere aktuelt å setje ned ulike arbeidsnemnder, som td skal arbeide med kommunenamn, kommunevåpen, forholdet til statsetatane, fylkeskommunen mv.

På det konstituerande møtet i den førebelse fellesnemnda vart også partssamansett utval drøfta. Ein må i forprosjektfasen vurdere om partssamansett utval skal opprettast før den formelle prosessen kjem i gang, eller om ein inntil vidare skal ha ei pragmatisk ordning der førebels fellesnemnd har ein fast post i møta der dei gir representantar frå arbeidstakarorganisasjonane høve til å kome til orde. Formalitetane rundt partssamansett utval etter Hovudavtalen og Kommunelova er retta inn mot etablerte kommunar eller ny kommune som er godkjent etter Inndelingslova.

Rådmennene rår til at organisering i forprosjektfasen vert godkjent i samsvar med modellen i saksframstillinga. Vidare rår rådmennene at det vert oppretta stilling for kommunikasjonsrådgjevar. Stillinga vert finansiert over statlege prosjektmidlar til kommunesamanslåing.

Utskrift av endeleg vedtak:


Hornindal kommune

Volda kommune

Samanslåing av kommunane Hornindal og Volda



Forprosjektfasen Hornindal og Volda - administrativ organisering fram til ca 1. september 2017



Dato: 25.11.16